

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	20/00058-23	Knut Øyvind Hoem +47 48272458	25.01.2022

Høyring - Nedlegging Fiksdal skule

Administrasjonssjefen viser til kommunestyret si innstilling i sak 130/2021 «Kommuneplanen sin handlingsdel 2022-2025, økonomiplan 2022-2025 og budsjett 2022», og sender med dette saka ut på høyring. I økonomiplana som vart vedtatt stod det følgjande om nedlegging Fiksdal skule:

Grunnskulane er i ein pressa økonomisk situasjon og har hatt meirforbruk i fleire år. Tilbakemeldingane frå einingsleiarane er at det ikkje er fagleg forsvarleg å redusere meir enn det som er gjort innanfor noverande struktur. Det er ikkje mogleg å redusere fleire rammetimar i skulen, og handlingsrommet strekker seg til nedlegging av Fiksdal skule hausten 2022 som vil gje oss ei innsparing i 2022 på 2 mill. kroner og 4 mill. kroner med heilårsverknad.

Det har dei siste 10 åra vore arbeid mykje i Vestnes med planar for skulebygga og skulestrukturen i kommunen. Ikkje mindre enn 3 politiske utval har arbeid med desse spørsmåla i dette tidsrommet. Det siste utvalet fekk sitt mandat våren 2018 og gjorde ein stor jobb med å gå gjennom alle skulebygga og skissere tiltak. Utvalet kom òg med forslag om å endre skulestrukturen. Dette inneber at Fiksdal oppvekstsenter skulle bli lagt ned.

Skuleutvalet behandla spørsmålet om skulestrukturen med bakgrunn i fire forhold;

- *Elevtals- og befolkningsutviklinga*
- *Rekruttering/kompetanse*
- *Sårbarheit/kvalitet*
- *Økonomiske konsekvensar som følgje av nedgangen i elevtalet og endringar i befolkningsamansetjinga*

Desse forholda gjer seg gjeldande i same omfang i dag, om ikkje meir enn ved førre behandling av saka. I høve skulestruktur så ser ikkje administrasjonssjefen at det i utgangspunktet er eit tiltak som gjev store og varige innsparingar per no med tanke på at kommunen vil bli trekt i rammetilskotet ved etablering av friskular. Kortsiktig vil det derimot gi økonomisk effekt i 1,5 år, då det er ei «forseinking» i trekket i rammetilskotet. Om det blir oppretta to nye privatskular vil kommunen sitt handlingsrom for innsparing bli avgrensa til å gjelde ressursbruken til skulane i Tomrefjord og Helland.

Skulebygget i Fiksdal treng sårt ei opprusting for vidare skuledrift. Bygget frå 1952 er vurdert av Norconsult til å vere lite eigna til skulebygg og bør rivast. Den nyare delen frå 1975 må gjennom ei omfattande renovering for å ha framtidig skuledrift. Det er kostnadsberekna til ca 38 mill. kroner. Viser elles til rapporten til Norconsult knytt til tilbygg/renovering av Fiksdal skule.

Informasjon knytt til aktuelle retningslinjer og lovverk

Vi viser til rundskriv Udir-2-2012 – «Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser». Rundskrivet gir retningslinjer for god saksbehandling i saker som gjeld endring av skulekrinsar/skulestruktur.

Administrasjonssjefen viser til opplæringslova § 8-1, 1. ledd, første og andre punktum.

§ 8-1 Skolen

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

Det er ikkje heimla reglar verken i opplæringslova eller i andre lovar, knytt til endringar av skulekrinsar/skulestruktur. Det er innanfor den kommunale handlefridomen å fastsetje skulekrinsar/skulestrukturen i kommunen.

I saker som gjelder barn blir det vist til barnekonvensjonen artikkel 3 nr 1.

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Dette perspektivet skal takast omsyn til ved behandling av saker der barn blir påverka av vedtaket. Dette gjeld også for saker som omhandlar endring av skulekrinsar/ skulenedleggingar. Endring av skulekrinsar/skulestruktur er etter forvaltningslova ei forskriftsendring. Det er eit viktig

forvaltningsrettsleg prinsipp at dei som blir påverka av ei forskriftsendring får anledning til å uttale seg før det blir gjort vedtak i saka, jf. § 37 i forvaltningslova. Saka må då vere tilstrekkeleg opplyst og i samband med dette er retten til innsyn i aktuelle offentlege dokument viktig, jf. offentlighetsloven § 3.

Høyringsinstansar

Dette er ei opa høyring slik at det er mogleg for alle som måtte ønskje det å kome med innspel i saka.

Administrasjonssjefen ser desse som dei mest aktuelle høyringsinstansane:

- Foreldreutvalet/Samarbeidsutvalet ved dei aktuelle skulane
- Skulemiljøutvalet
- Elevråd/Ungdomsrådet
- Fagforeiningane til dei tilsette
- Lag og organisasjonar som har interesse i saka
- Samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune

Administrasjonssjefen legg opp til saksgang med følgjande framdrift:

- Høyringsbrev sendast ut 25.01.22
- Høyringsfrist på to månader 25.03.22
- Høyringsssvara vil bli innarbeidd i saka om skulenedlegging
- Framlegging for formannskapet 19.april og kommunestyret 28.april

Vedlegg til høyringsbrevet

Endring av skulestruktur har vore ute på høyring tidlegare med «Høyring sak 91-2019 -plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur». Sak 4/2019 – «Rapport frå skuleutvalet» som vart behandla i kommunestyret i januar 2019 var relevant for den saka. Forholda som kom fram i rapporten gjer seg gjeldande i same omfang i dag, om ikkje meir enn ved førre behandling av saka. Rapporten frå skuleutvalet ligg som vedlegg til saka. I tillegg ligg fleirtals – og mindretalsinnstillinga til skuleutvalet knytt til skulestruktur vedlagt

Høyringsbrevet med relevante vedlegg blir lagt ut på Vestnes kommune sine heimesider.

Høyringsfrist og innsending av høyringsssvar

Frist er sett til 25. mars 2022

Høyringsssvara skal sendast til administrasjonssjefen i Vestnes kommune; gjerne på e-post: postmottak@vestnes.kommune.no.
eller per brev til:

Vestnes kommune v/administrasjonssjefen
Rådhuset
6390 Vestnes

Høyringsssvara vil bli innarbeidd i saka om skulenedlegging.

Med helsing

Knut Øyvind Hoem
Kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Rapport skuleutvalet 07.01.19
Tilleggsutgreiing Fiksdal skule_Oversendt_20190228
Skuleutvalet si mindretalsinnstilling
Skuleutvalet si fleirtalsinnstilling

Mottakere:

Fisksdal oppvekstsenter, Ronny Engan

Fisksdal skule

UTDANNINGSFORBUNDET VESTNES

Fisksdal idrettslag

Fisksdal/Rekdal Ballklubb

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE SAMFERDSELSAVDELINGA

FAU Fisksdal oppvekstsenter